

## Høyringsuttale til klimaplan for Vest-Telemark

Her kjem Landbruk, miljø og teknisk utval i Tokke kommune (LMT) si høyringsuttale til Klimaplan for Vest-Telemark.

Planen har ei svært fagleg vinkling med teoretisk språkbruk, noko som gjer det vanskeleg for innbyggjarane i Vest-Telemark å få eigarskap til planen. Vidare ber dokumentet preg av at det er fleire ulike aktørar som har skriva dei ulike delane. Sidene 73-76 er meir konkrete enn resten av planen. Kva med å laga ein brosjyre/folder med desse punkta?

Me i LMT meiner at me bør stille oss fylgjande spørsmål: «Korleis får me Vest-Telemark og deira innbyggjarar på lag med naturen?». Planen bør innehalde fleire idear og tankar om korleis ein skal få større forankring i folket generelt og ungdommane spesielt. Det bør òg vere nokre konkrete mål innanfor dei enkelte områda.

Me i LMT har nokre konkrete tiltak til planen me ynskjer å spele inn:

1. Etablere ei betre returordning for jordbruksplast for å redusere plastforureining og betre gjenbruken av denne. Viser til Stavanger kommune og deira prosjekt med å plassere ut plastpresser på gardsbruk.
2. Arbeide for å auke SMIL-midlane i Vest-Telemark. Dette er viktig for beredskapen framover ved ekstremnedbør og liknande situasjonar.
3. Betre returordningar (med auka skrapverdiar) for retur av landbruksmaskiner, traktorar, campingvogner, scooterar, båtar o.l. Det er mykje avfall som vert ståande rundt forbi, som ikkje er bra for korkje natur eller folk.
4. Leggje til rette for utnytting av utmarksbeiteressursane i kommunane. Eit døme på dette er å ta i bruk teknologi som digitale gjerdesystem, slik som t.d. selskapet Nofence AS har utvikla.
5. Leggje til rette for berekraftig skogsdrift med tanke på biologisk mangfald, CO<sub>2</sub>-binding og produksjonsvilkår.
6. Bruke trevirke i nybygg/rehabilitering fortrinnsvis frå lokale sagbruk

Kommunane må ha ei medviten og realistisk haldning til miljøvenleg drift som let seg gjennomføre i praksis utan for store kostander for den einskilde kommunen.

Tokke, 20.02.2022

Landbruk, miljø og teknisk utval i Tokke kommune

Jon Aslak Austjore

Leiar